



Gulen kyrkjelydsblad

Nr 2

Juni/juli 2025

68. årgang



**31. mai 2025: Lurtonar frå Lovseieberget markerte opninga av
«Tusenårsstaden Gulatinget 20 år.» Meir side 8-9.**

Foto: Anne Tveit

REDAKTØR: Kyrkjevevja

Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik
Tlf. 970 44 591. is299@kyrkja.no

REDAKSJON: Anne Tveit

Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik
482 28 353. annetveit46@gmail.com

KORREKTUR: Marit Sandal**BANKGIROKONTO: 3817 15 51282**

Merk med gåve til kyrkjelydsbladet.
VIPPS: 706144.

TRYKKERI:

ETN Grafisk, 3701 Skien

SOKNEPREST

Håkon Kinsarvik.

Tlf. 976 44 169. hk482@kyrkja.no

KYRKJEVERJE: Ingunn Sognnes

Tlf. 970 44 591. is299@kyrkja.no

Fri fredag.

KONTORSEKRETÆR:

Margrethe Skåden, Tlf. 481 20 586
ms859@kyrkja.no. Kontor tysdag og torsdag.

TRUSOPPLÆRAR: Åse Haugen,

tlf. 482 50 014 ah346@kyrkja.no

Felles e-postadresse til kontoret:

post.gulen@kyrkja.no

ORGANIST: Peter Tiborc Jobbagy,

5966 Eivindvik. Tlf. 909 84 617

pj847@kyrkja.no

GULEN KYRKJELEGE RÅD/**FELLESRÅD: Leiar:**

Bodil Bjørlo Takle, tlf. 481 74 449

bodil.bjorlo.takle@eninvest.net

KYRKJA SI HEIMESIDE:

www.gulen.kyrkja.no

FACEBOOK: *Kyrkja i Gulen.*

Redaksjonen

God sommar til lesarane våre. Nyt alt det vakre som naturen har å by på! Innsendingsfrist for stoff til haust-nummeret: 15. september.



Ferieavvikling på kyrkje-kontoret

Kyrkjevevja Ingunn Sognnes har ferie frå 4. juli til 4. august, men har gravferdsvakt frå og med 18. juli.

Kontorsekretær Margrethe Skåden har gravferdsvakt frå 4. juli til 18. juli. Då går ho ut i ferie, og er tilbake på kontoret 12. august.

Sokneprest Håkon Kinsarvik har ferie frå 21. juli til 26. august. I denne tida vil det vere andre prestar i prostiet som gjer teneste.

Opne kyrkjer i sommar

Gulen og **Brekke** kyrkjer vert opne kvar dag i heile juli, frå kl. 10.00-18.00. Det er ikkje kyrkjevertar til stades, og ved seremoniar som gudsteneste eller gravferd, vert det sett oppslag ved kyrkja.

Toalettet i bårhuset i Eivindvik er ope i same tidsrom. I Brekke er det toalett i våpenhuset.

Borgstova i Eivindvik blir også open kvar dag i juli, frå kl. 10.00-18.00. Det er høve til å gå inn og ete nista, ta ein kvilepause, eller berre sjå korleis den gamle stova ser ut inni no etter restaureringa.



Heilagandens vind

Andakt v/Håkon Kinsarvik

**I looked at Christ, and the dove of peace flew into my heart.
I looked at the dove, and it flew away. (Vaughan Roberts)**

Det skjer noko når ein ser mot Kristus. I det enkle blikket, i det ærlege søket – ikkje nødvendigvis med store ord eller teologiske utgreiingar, men i det stille, indre livet som bur i mange.

Her i Gulen har eg fått møte menneske som ber på ei tru like solid som fjella i Brekke, og like stille og stødig som holmane utanfor Byrknes.

Trua kjem ikkje alltid til uttrykk i høge røyster eller i synlege handlingar, men ligg der – som ein stille understraum i samtalar, i kvardagslege møte, i det delte brødet, i eit sukk, ei bøn.

Eg har blitt slått av kor mykje tru som finst i folk her.

Ho kjem til syne når vi snakkar om liv og død, om håp og lengsler, om kvifor vi er her og kva vi skal.

Ofte kjem orda forsiktig, som noko verdfullt og heilag, nesten som å pakke opp ei gåve.

Kanskje er det nett slik Den heilage ande verkar – ikkje alltid med storm og eld, men som ein mild vind som opnar hjarta.

Vi lever i ei uroleg verd.

Krig, konflikt og polarisering set sine spor i sjela til folk.

Samstundes ser vi eit underleg trekk: fleire vender seg mot kyrkja.

I Europa og i Noreg ser vi ei aukande interesse for tru, fleire som melder seg inn i kyrkja, fleire som søker fellesskap og meaning.

Det verkar som om Den heilage ande pustar liv i kyrkja si.

Pinsa kom seint i år. Pinseliljene er for lengst visna, og sommaren har meldt seg. Men det ligg ein varme i lufta, ikkje berre frå sola, men frå noko større.

Kanskje er dette ei tid for å sjå etter nye spirar?

Som biskop emeritus Halvor Nordhaug ein gong sa, med eit smil i salen: «Ingen kyrkjerådsvedtak kan skapa ei vekking.» Det vart ledd – og han hadde rett.

Men eg trur òg vi har vore i ei tid for å pløye, for å legge jorda til rette.

Eg veit sjølv i kroppen kor godt det er å kome til ei kyrkje som tek imot ein som ein er.

No er tida inne for vekst, det er ei tid
for å lytte til Anden, sjå på Jesus.
I møte med Den heilage ande skjer det
noko som ikkje kan planleggjast eller
vedtakast.

Det skjer i hjarta og i samfunnet.
I blikket som vender seg mot Kristus.
Og som Vaughan Roberts seier det:
Eg såg på Kristus, og fredsdua flaug
inn i hjarta mitt.

Eg såg på dua – og ho flaug bort.
Det er når vi held blikket festa på
Jesus, at freden kjem.

Når vi prøver å analysere og prøver å
forstå, glir ho lett ut av hendene.
Pinsa minner oss om Andens nærvær
– som kraft, som trøystar, som den
som opnar hjarta og fellesskap.



Foto: Pixabay.com

NoS 521:

Som vinden stryk om mine kinn

Tekst: Anne-Ruth Jangaard 1992

Omsett: Øystein Wang 1992

Som vinden stryk om mine kinn,
slik er han, Heilagandens vind.
Han strøymer om meg, alltid nær,
han hjelper meg å leve her.

Lik lufta som eg andar inn,
slik er han, Heilagandens vind.
Han fyller kvart eit andedrag
og gir meg krefter dag for dag.

Og Andens frukt skal vere fred
og glede, kjærleik følgjer med,
eit trufast og tolmodig sinn,
det skapar Heilagandens vind.

Høyr, Anden blæs kvarhelst han vil,
i sterke kast og mjuk og mild.
Kom, blås og gi meg trua no,
lat Andens frukter i meg gro.

Håkon Kinsarvik

Konfirmasjonane 2025

Mjømna kyrkje 26. april:



Framme frå venstre: Maiken Beheim
Andreassen og Nora Nadire Braathen
Kirca. Bak: Konfirmantlærar Maren
Daae Eide, sokneprest Håkon Kinsar-
vik og konfirmantlærar Eirik Halsnes.

Gulen kyrkje 3. mai:

Framme frå venstre: Casandra Linnea
Haveland Kvingedal, Elise Sognefest
og Hannah Brudevoll. Midtre rad frå
venstre: Konfirmantlærar Maren Daae
Eide, Trym Palmer Håvåg, Tore
Molde Randal og Simen Husebø Vils-



vik. Bak frå venstre: Sokneprest Håkon Kinsarvik, konfirmant-medhjelpar Odin Villanger Henriksbø og konfirmantlærer Eirik Halsnes.

Brekke kyrkje 10. mai:



Frå venstre: Lasse Haugland Oppedal og Noah Engesæter-Oppedal.
Bak: Sokneprest Håkon Kinsarvik.

Takk for i år – eg gler meg til fortsetjinga!

Konfirmantåret 2024/25 er no over, og det har vore eit innhaldsrikt år saman med konfirmantane. Vi starta med ei kjekk samling i Eivindvik, med bibelstafett og opplæring i korleis ein finn fram i Bibelen.

Vi har hatt overnatting i kyrkja, og vore på leir saman med konfirmantar frå Solund og Masfjorden.

Konfirmantane har òg vitja bu- og omsorgssentra.

Eitt av høgdepunkta var Konfirmantfestivalen i Knarvik, der konfirmantar frå heile prostiet var samla – frå Frekhaug i sør, Fedje i vest, Mo i aust og Solund i nord. Der fekk vi vere med på spanande aktivitetar og seminar. Eirik Halsnes hadde med seg pil og boge som vi fekk låne på Dalsøyra. Thor Haavik heldt inspirerende forkynning om gode grunnar til å tru på Gud og Jesus som ven.

Konfirmantane har òg delteke i Fasteaksjonen, og saman klarte vi å samla inn nok pengar til å gi over 140 menneske tilgang til reint vatn. Det er verkeleg noko å vere stolte av!

Sjølve konfirmasjonsdagen blei ei høgtideleg og minneverdig stund – og samstundes eit friskt pust. Temaet for gudstenesta var at vi menneske kan rote oss vekk, men alltid finst det ein Gud som spring oss i møte. Livet vil by på både medgang og motgang, nederlag og siger, og til tider vil det opplevast urettferdig. Likevel er Gud

den same, og han vil ikkje forlate oss – heller ikkje når alt kjennest som mørkast.



Kyrkjelyden laga ei bølge – eit sterkt symbol på både kjærleik og omsorg, og på at vi står saman.

Alle fekk sol og fint vêr. Og både musikk og gode ord blei med dei vidare på livsreisa.

Odin Villanger Henriksbø, Maren Daae Eide og Eirik Halsnes har vore fantastiske leiarar i år. Vi trur det blir nye møteplassar til hausten for denne flotte gjengen. Planen er ein tur i september saman med fjorårets konfirmantar frå Masfjorden og Solund. I samarbeid med frivilligsentralen, helsesjukepleiarane og Gulen kommune blir det fire samlingar for ungdom til hausten. Desse tek opp tema som kropp, rus, seksualitet – og mykje meir. I tillegg til Yngres på Byrknes ein gong i månaden, prøver vi å få til ungdomskafé på bedehuset i Brekke. Vi jobbar òg med å få til noko i Ei-vindvik og på Dalsøyra.

No er planlegginga for neste års konfirmantar godt i gang, og eg oppmodar kyrkjelydane om å hugse på konfirmantane i bøn i tida som kjem

Håkon Kinsarvik

Frigjøringsdagen 8. mai på Mjømna



I år feirer vi 80 år med fred i Norge. Også i år var vi så heldige at vi hadde med oss flere av våre ukrainske naboer på fredsmarkeringen 8. mai. Ved minnesmerket for Bjørn West la ordfører May-Lynn Osland ned en krans, og hun holdt en god og tankevekkende tale.



8. og 9. klasse ved Byrknes skole hadde hatt som oppgave å skrive om Konrad Kristoffersen Byrknes, som falt i kampene i Valdres 20. april

1940. Elevene kastet ekstra glans over feiringen ved å dele informasjonen med oss alle. En av elevene, Lena Einebærholm, la ned krans ved minnestøtten for Konrad Byrknes. Hennes bestefar er nevø av Konrad. Grete Mongstad, stedatter til Konrad Byrknes, overrakte blomster til ungdommene for vel gjennomført oppgave.



Etter uteprogrammet var det fredsgudstjeneste i Mjømna kyrkje. Prekenen var en fin og informativ samtale mellom sogneprest Håkon Kinsarvik, ordfører May-Lynn Osland og de to ukrainske ungdommene Alina Kornieva og Faina Kaidalova. Det var også musikkinnslag på ukra-



insk, ved Serhii Huhnin, som fremførte blant annet den ukrainske nasjonalsangen.

Gudstjenesten var i sin helhet på norsk og ukrainsk, og ble avsluttet med kirkecaffe med både ukrainsk og norsk bakst.

Til tross for språkproblemer håper vi det knyttes nye vennskap, og at vi treffes snart igjen.

Tekst og foto v/Anne Evjenth Ytreøy

Fasteaksjonen 2025

Med til saman berre 10 konfirantar i kommunen, så rakk dei ikkje å gå på dørene i alle bygdene, sjølv med litt hjelp frå sokneutval og foreldre.

Likevel auka gåvene med 2,79 % i høve til fjoråret!

Dei fleste kjenner til Fasteaksjonen, og ein del ventar besøk på døra.

For dei som ikkje har kontantar, så kan ein gje med vipps, det vert då registrert på postnummeret der du høyrer heime, og kjem med i saman- draget for soknet.

Innsamlinga på vipps aukar litt år for år, men likevel kom det inn ca. kr 16.000 i kontantar i bøsseane.

Totalt kom det inn kr 42.677, det inkluderer ca. kr 3700,- som var innbetalt direkte sentralt. Dette betyr at folk i Gulen har gitt reint vatn til 142 personar. Tusen takk for innsatsen!

Ingunn Sognnes



«Naustgudsteneste» på Brekkekrinsdagen 25. mai



Som ein del av Brekkekrinsdagen 25. mai var det gudsteneste i det nyoppussa naustet til Martin Næss (den raude bygningen til høgre på fotoet).



Prest, organist og kyrkjelyd er på plass i naustet.



Bygdekvinnelaget ordna med ein rikholdig kafé. Eit vellukka arrangement!

Olaug Evensen

20-årsmarkering for tusenårsstaden Gulatinget

Laurdag 31. mai markerte Tusenårsstaden Gulatinget sitt 20-årsjubileum, og Nøkkelstaden for Pilegrimsleia opna sesongen.



Klokka 10.00 var det pilegrimsvandring på Prestegardsstien, leia av Anne Grete Hønsi Opdal.

I Eivindvik var Borgstova open, med sal av mat og drikke.



Ingrid Hellwege Haveland hadde omvising ved krossane og ved minnestøtta for Niels Griis Alstrup Dahl.

Klokka 11.30 var det samling i kyrkja, der professor Jørn Øyrehagen Sunde heldt eit veldig interessant foredrag: «Lov og samfunn i endring – den eldre Gulatingslova og lovreformer 950-1250.»



Ingelin Flåen Olsen gledde oss med nydeleg song både i kyrkja og seinare på Tusenårsstaden Gulatinget på

Flolid, der resten av programmet foregikk.



Ordførar May-Lynn Osland ønskte velkommen til Tusenårsstaden.



Trude Brosvik, fylkesutvalsmedlem i Vestland fylkeskommune, tidlegare ordførar i Gulen og tidlegare leiar i Styringsgruppa for Gulatinget, orienterte om kvifor Gulatinget vart valt som Tusenårsstaden for Sogn og Fjordane.



Anne Hopland, dagleg leiar for

Tusenårsstaden Gulatinget, gjorde greie for kva planar det er for Gulatinget framover.

Av programmet elles var det aktivitetar for barn, og omvising ved Ingrid Hellwege Haveland, som er dyktig både som formidlar og lurspelar.



Det var sal av nydeleg mat både frå Frøyset gardsmat og saniteten på Dalsøyra.

- Og så det fine vêret, då! Det gjorde dagen fullkommen!

Tekst ved Trude Brosvik og Anne Tveit

Foto: Trude Brosvik, Anne Hopland og Anne Tveit

Rapport frå trus- opplærar Åse Haugen

Fredag 31. januar arrangerte me kyrkjeklubb. Me inviterte alle barn i

kommunen til Gulen kyrkje.

Denne dagen var det planleggingsdag på skulane og i barnehagane.

Vi hadde aktivitetar og matserving.

Eit populært tiltak; det kom 27 barn!

Tårnagent er eit kjent arrangement, som i år var i Mjømna kyrkje 14.

mars. 1.-4. klasse frå heile kommunen var invitert. Dette er det rullering på i dei tre kyrkjene våre.

Ein tårnagent får lære seg å bli kjend med kyrkjebygget, heilt opp ifrå kyrkjeklokkene og ned til kyrkjeskipet.



Så kom april og påske. Me har hatt påskevandring i Brekke kyrkje, Gulen

kyrkje og i bedehuset på Byrknesøy. Påskevandringa foregår på flanellograf, der me startar med det siste måltidet mellom Jesus og læresveinane, natta i Getsemanehagen, krossfestinga og Jesu oppstode av grava.

Me satsar på fleire arrangement framover, og oppfordrar sokna og sokneutvala til å ta kontakt med oss på kyrkjekontoret viss det er idear om tiltak retta mot barn i kyrkjene dei ynskjer å få gjennomført.

Eg vil også rette ein takk til sokneutvala og andre frivillige som har vore med oss.

Alle trusopplæringsarrangement skal vere eit lågterskeltilbod, og er gratis. Alle er velkomne!

Ase

Gåver til Borgstova i Eivindvik

Siste året har vi motteke mange fine sitjeunderlaga til Borgstova.



Takk til dei som har strikka/tova og levert sitjeunderlag anonymt, og takk til Harald Eivind Næss som sit med pinneveg og lagar sine vakre arbeid.

Sitjeunderlaga er fargeklattar i benkene, og er gode å sitje på.



Tekst og foto: Margrethe Skåden

Gravplassar og gravstell



Denne plakaten heng ved alle gravplassane for å minne om at lause gravlykter MÅ takast med heim att når dei er utbrende! Mange av dei er plastlykter som vinden eller fuglane tek, og så finn vi dei overalt på gravplassen når det vårast.

Det er ryddedugnad på gravplassane og rundt kyrkjene før konfirmasjonane, men vi vil minne om at det er dei pårørande sitt ansvar å halde det ryddig og fint ved gravminnet, noko som er regulert i vedtektene for gravplassane i Gulen i § 5:

«I plantefeltet må det ikkje plantast blomar eller andre vokstrar som overstig gravminnet si høgd, går ut over plantefeltet eller skjuler gravminnet. Det må ikkje plantast noko utanfor gravminnet.

Dersom vokstrar i plantefeltet vert høgare enn gravminnet, eller veks ut over plantefeltet på 60 cm, kan festar/ansvarleg bli pålagd å skjere ned/ta vekk planten/busken.»

Vidare står det om dekorgjenstandar: *«Eventuelle dekorgjenstandar monterte på gravminne, på planteplate eller i plantefelt, skal plasserast slik at dei ikkje er til hinder for normalt vedlikehald inntil og rundt gravminnet/plan-*

tefeltet. Dekorgjenstandar skal vere sømelege og av ein kvalitet som toler tilhøva på gravplassen. Festar/ansvarleg for grav skal førebygge at ikkje lause dekorgjenstandar blæs bort, og skal fjerne gjenstandane etter bruk. Kyrkjeleg fellelsråd har ikkje erstatningsansvar for skade på dekorgjenstandar i plantefelt, innramming av plantefelt eller planter i plantefeltet når skaden skuldast vanleg drift av gravplassen.»

I nokre tilfelle er nesten heile gravminnet skjult, andre stader står det eit gamalt gravminne inni ein svær busk. I dei seinare åra har vi fjerna ein del slike busker, då det både blir «ryddigare» på gravplassen, og det lettast vedlikehald med slått og anna arbeid. I løpet av vinteren er det også nokre gravsteinar som er blitt skeive og må rettast opp.

Der det er fare for velting, vert gravsteinen lagt ned.

Det er festar sitt ansvar å få retta opp gravsteinen slik at den er forsvarleg festa, og at sokkelen ikkje «slepper» frå jorda.

Kyrkjevevja prøver å få gitt beskjed til pårørande når det blir oppdaga, men det er likevel pårørande sitt ansvar, og kyrkjevevja kan ikkje ha full oversikt til ei kvar tid.

I tillegg manglar det festar, det vil seie ansvarleg for ei grav, på ein del graver. Har du spørsmål omkring graver og gravstell, kan du ta kontakt med kyrkjekontoret.

Ingunn Sognnes

Døypefont i Gulen kyrkje

Gulen kyrkjelege råd har i sak 10/25 drøfta praksisen med bruk av døypefont i Gulen kyrkje, og sende 24. april ein søknad til biskopen i Bjørgvin om løyve til at ein, når det er fremja ønske om dette, kan bruke steinblokka som står i kyrkja som underlag for dåpsfatet ved dåp.

Soknerådet stadfestar elles i sitt vedtak at døypefonten frå 1879 er Gulen kyrkje sin døypefont.



I samband med saka laga sokneprest Håkon Kinsarvik eit notat som vart vedlagt søknaden:

Gjennom generasjonar har folk i Gulen eit sterkt forhold til vievannssteinen, og mange kjenner han som ein naturleg del av dåpspraksisen. Samtidig har tredøypefonten vore

hovuddøypefonten sida kyrkja var ny, og han står som eit viktig symbol på kontinuitet.

Ved å gi rom for at vievannssteinen kan nyttast ved særlege høve, kan vi anerkjenne og ta vare på den lokale historia utan å skape usikkerheit om kva som er hovudpraksis. Biskop Nordhaug sitt vedtak i 2016 hadde gode intensjonar og var meint å skape klarleik om kyrkja si liturgiske ordning. Samtidig ser vi i ettertid at dette har blitt opplevd som ei avgrensing som ikkje nødvendigvis har tent kyrkjelyden si tilhøyrslle til kyrkja. Som kyrkje er vi kalla til å



opne dørene, ikkje lukke dei. Difor kan det vere rett no å justere praksis slik at ein i større grad tar omsyn til både teologiske prinsipp og kyrkjelyden si historie. For å ivareta både det teologiske fundamentet og den lokale forankringa, vil det vere naturleg å la tredøypefonten forbli hovuddøypefonten, medan vievanns-

steinen kan nyttast ved særskilde høve.

Dette sikrar kontinuitet samstundes som vi gir rom for tradisjonen som mange kjenner tilknytning til. På denne måten kan vi som kyrkje vere både tru mot vår lære og samtidig lyttande til kyrkjelyden. Dåpen står fast som eit heilagt sakrament, og ved å opne opp forfleksibilitet i bruken av døypefontar viser vi at kyrkja si dør er open for alle som kjem til dåp – slik ho alltid skal vere.

I vedtaket frå biskop Ragnhild Jepsen, motteke 04.06.25, heiter det:

Biskopen gjev sitt medhald i desse vurderingane og stadfestar at døypefonten av tre er den som skal brukast i Gulen kyrkje. Den skal stå framme i koret.

Steinen som har blitt brukt som underlag for dåpsfatet tidlegare, kan unnaksvis brukast til dette, når det blir etterspurt og pastoralt skjøn tilseier at dette er høveleg.

Vedtaket er gjort med heimel i Regler om liturgisk inventar og utstyr § 7.

Ingunn Sognnes



Alværa sommarhotell

Det blei stor suksess med sommarhotell på Alværa kyrkje- og misjons-senter i fjor, og i år vert det ope for

overnatting frå **25. juni til 23. juli.**

Frukost er inkludert, men vil du ut på tur, så kan du avtale å smørje niste ved frukosten, og bestille middag til du er tilbake om kvelden.

Bestilling kan gjerast på booking.com eller på tlf. 984 64 290.

Det vil også bli søndagsbuffet på søndagane, det blei svært populært i fjor, så det er berre å bestille bord!

Jens Friis og Mona Rosvold er vertskap i år som i fjor, og innbyr til god mat, ei god seng, avslapping og ein dukkert i sjøen om du vil!

Litt aktivitetar for born er der også på uteområdet. Velkommen!



Andaktar hausten 2025

Gulen sjukeheim:

27. august kl. 12.00

1. oktober kl. 12.00

5. november kl. 12.00

17. desember kl. 12.00: Gudsteneste i Gulen kyrkje

Eivindvik bu- og omsorgssenter:

27. august kl. 11.00

1. oktober kl. 16.00

5. november kl. 16.00

17. desember kl. 12.00: Gudsteneste i Gulen kyrkje

Dalsøyra bu- og omsorgssenter:

24. september kl. 11.00

29. oktober kl. 16.00

26. november kl. 11.00

Brekke bu- og omsorgssenter:

24. september kl. 16.00

29. oktober kl. 11.00

26. november kl. 16.00

Konserten i Brekke kyrkje 29. mars:



Kommentar frå ein tilhøyrar:

«Ein fantastisk konsert med Brekke mannskor og Prima Vista frå Åsane. Songglede, kvalitet, formidling og songar frå den verdsvide kyrkja. Ei heilag stund – TAKK!»

Hjarteleg takk!

Hjarteleg takk for minnegåve i forbindelse med Eli Bastesen og Svein Nilsen sin tragiske bortgang.

Vennleg helsing Dingja Vel

Hjartans takk!

Me takkar alle som var med oss i gravferda til mor vår, Anna Engesæter. Takk for gode ord og klemmar, og takk for fine blomar. Takk for minnegåver til Brekke bu- og omsorgssenter. Takk til presten, organisten og gravferdsbyrået som gjorde gravferdsdagen slik me ynskte for mor.

Helsing Gudveig, Gunnar-Olav, Hilmar og Stig Vidar med familiar

Nytt frå kyrkjelydane

Døypte:

MJØMNA SOKN:

30.03.25: Thea Sofie Tunsberg Rambjørg.

26.04.25: Odd-Sigmund Ånneland.

07.05.25: Alvin Marcelius Mjømen Larsen.

BREKKE SOKN:

23.03.25: Norvald Asheim Giil.

23.03.25: Ådne Aven Langvatn.

Døde:

BREKKE SOKN:

16.03.25: Anna Ragnhild Engesæter, f. 1931.

03.05.25: Annfred Ingulf Hjartholm, f. 1935.

28.05.25: Esther Karoline Breidvik, f. 1937.

MJØMNA SOKN:

14.04.25: Bjørn Atle Ytreøy, f. 1951.

08.05.25: Alvin Marcelius Mjømen Larsen, f. 2025.

GULEN SOKN:

05.05.25: Svanhild Johanna Furnes, f. 1925.



Kyrkjekalenderen

22.06., 2. søndag i treeiningstida:
Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Håkon
Kinsarvik. Offer: Sundagskule-
forbundet Bergen.

06.07., 4. søndag i treeiningstida:
***Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Håkon**
Kinsarvik. Offer: Stiftelsen Barne-
vakten.

***Gulen kyrkje kl. 16.00 v/Håkon**
Kinsarvik. Offer: Misjonsprosjektet i
Mali.

*NB: Gudstenester berre dersom det er dåp.
Sjekk oppslag/heimeside.

13.07., 20.07. og 27.07.: Ikkje
gudsteneste.

03.08., 8. søndag i treeiningstida:
Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Bjørn
Magne Hansen. Offer:
Misjonsprosjektet i Mali.

Gulen kyrkje kl. 16.00 v/Bjørn
Magne Hansen. Offer: Alværa.

10.08., 17.08. og 24.08.: Ikkje
gudsteneste.

31.08., 12. søndag i treeiningstida:
Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Håkon
Kinsarvik. Konfirmantpresentasjon.
Offer: Misjonsprosjektet i Mali.
Gulen kyrkje kl. 16.00 v/Håkon
Kinsarvik. Konfirmantpresentasjon.
Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

07.09.: Ikkje gudsteneste.

14.09., Vingardssøndag:
Brekke kyrkje kl. 11.00 v/ Håkon
Kinsarvik. Konfirmantpresentasjon.
Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

21.09., 15. søndag i treeiningstida:
Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/ Håkon
Kinsarvik. Familiegudsteneste.
Utdeling av bøker. Offer: Kyrkjelyds-
arbeidet.

28.09., 16. søndag i treeiningstida:
Gulen kyrkje kl. 11.00 v/ Håkon
Kinsarvik. Familiegudsteneste.
Utdeling av bøker. Offer: Kyrkjelyds-
arbeidet.

Brekke kyrkje kl. 16.00 v/Håkon
Kinsarvik. Familiegudsteneste.
Utdeling av bøker. Offer: Kyrkjelyds-
arbeidet.

05.10. og 12.10.: Ikkje gudsteneste.

19.10., 19. søndag i treeiningstida:
Mjømna kyrkje kl. 18.00: Musikk-
gudsteneste.

26.10.: Ikkje gudsteneste.

02.11., Allehelgensdag.
Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Håkon
Kinsarvik. Offer: Kirkens SOS.
Brekke kyrkje kl. 16.00 v/Håkon
Kinsarvik. Offer: Misjonsprosjektet i
Mali.

Gulen kyrkje kl. 19.00 v/Håkon
Kinsarvik. Offer: Rådet for psykisk
helse.

